

Årsrapport 2003

2003 har vore det fyrste heile driftsåret for prosjektet Norsk Ordbok 2014. Det har vore eit svært krevjande år, men eit år som har ført prosjektet eit langt steg i rett retning. Dimensjonering og opplæring har vore hovudutfordringar saman med utviklinga av ein ny digitalisert redigeringsplattform. Det har føregått eit stort utviklingsarbeid ved redaksjonen som ein lekk i arbeidet med å formalisere redigeringskonvensjonane. Dialogen med utviklarane av redigeringsprogrammet har vore krevjande og gjevande, men meir tidkrevjande enn nokon hadde tenkt seg.

Rapporten nedanfor fylgjer disposisjonen i årsplanen for 2003. I nokre tilfelle kan vi vise til resultat som årsplanen for 2003 ikkje hadde uttrykt. I dei tilfella er venstre spalte i oversyna nedanfor tomme.

1. Organisering

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Å organisere redaksjonen i fire permanente redaksjonsgrupper frå 17. mars.	Redaksjonen vart organisert i redaksjonsgrupper frå og med 17. mars. Ei gruppe av eldre redaktørar har redigert manuskript på <i>h</i> under leiing av Laurits Killingbergtrø. Tre grupper nye redaktørar under opplæring har redigert manuskript på <i>i</i> og <i>j</i> . Éi av desse gruppene har vore lokalisert til NTNU. Leiar her har vore Tor Erik Jenstad. Dei to andre gruppene har hatt arbeidsplass ved UiO. Den eine gruppa har vore leidd av Oddrun Grønvik, den andre av Olaf Almenningen.
b) Utviklinga skal organiserast i (tre) tidsavgrensa grupper.	<u>Metaordboks-gruppa</u> hadde 11 medlemmer og var leidd av Terje Svoldal fram til 1. april. Frå og med mai har Svoldal vore arbeidsleiar for éin person som har vidareført arbeidet i liten skala. <u>Korpusgruppa</u> hadde i utgangspunktet fem medlemmer og var leidd av Dagfinn Worren. Gruppa har gradvis trappa ned verksemda etter som avtalene for avlevering av korpustekster kom på plass. I staden vart det i august etablert ei eiga <u>taggegruppe</u> på tre personar leidd av Hege Hellum. <u>Redigeringsprogramgruppa</u> slutta å fungere

	vinteren 2003. Arbeidet med kravspesifikasjonar har sidan lege til Oddrun Grønvik. I byrjinga rådspurde ho på uformell måte kollegaer frå punkt til punkt, frå og med juni har leiargruppa fungert som avklaringsforum.
c) Nedsetje ei styringsgruppe på fem personar som skal samordne aktiviteten i gruppene.	Gruppa vart nedsett i mars. Ho vart kalla <i>leiargruppa</i> og har fungert som eit rådgjevande og samordnande organ. Gruppa vart utvida frå fem til sju personar frå og med juni. Medlemmene er Olaf Almenningen (leiar av ei redaksjonsgruppe), Kristin Bakken (direktør), Oddrun Grønvik (leiar av ei redaksjonsgruppe, utviklingsansvarleg), Tor Erik Jenstad (leiar av ei redaksjonsgruppe), Laurits Killingbergtrø (leiar av <i>h</i> -gruppa), Lars S. Vikør (hovudredaktør), Dagfinn Worren (leiar av korpusgruppa og seksjonsrepresentant).

2. Lokalisering

Mål i årsplan 2003	Resultat
a)	Prosjektet har hatt stabile lokale i heile 2003. I januar 2003 tok vi i bruk eit stort nyoppussa rom i 4. etasje i Henrik Wergelands hus på Blindern, slik at vi disponerer til saman 11 kontorplassar fordelt på tre rom i den bygningen. I fyrste etasje i P. A. Munchs hus har prosjektet disponert 11 einaksars kontor forutan ekspedisjonskontoret og fellesrom. I løpet av året har to av kontora vorte fristilte pga. avgang, og desse kontora er pr. 1.1.04 disponerte av instituttet. Ved NTNU har ein i 2003 greidd å få til ei samlokalisering i same etasje av dei fire prosjekttilsette. Dette inneber ei vesentleg forbetring av arbeidsvilkåra der.

3. Personale

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Lyse ut ei redaktørstilling i juni.	Stillinga vart lyst ut som professorat med særleg ansvar for filialen i Trondheim. Det kom inn éin søknad, og Tor Erik Jenstad er innstilt til stillinga. 19.1.04 vart tilsetjinga stadfest av universitetsstyret.
b) Lyse ut fem nye redaktørstillingar etter at statsbudsjettet var lagt fram.	Budsjettet tillét ikkje nye utlysingar
c)	På vegner av åtte nytilsette assisterande

	redaktørar fremja direktøren eit 2.3.4-krav om endring av stillingskode, ny lønsplassering og tilsetjing ut prosjektperioden. Kravet vart reist i august med verknad frå 1. oktober, og det vart innfridd 11. desember.
d)	Dei ni nye assisterande redaktørane vart evaluerte i september månad med positivt resultat for alle.
e)	Knut E. Karlsen vart tilsett som ny redaktør utan utlysing med verknad frå 1.1.04.
f)	Sigurd Nordlie gjekk av for aldersgrensa 1. september, Arnbjørg Hageberg 1. oktober.

4. Redigering

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Nedkorting av <i>h</i> -manuskriptet ferdig til sommaren.	Det stod att å korte ned 32 sider i skrivne manuskript før sommaren. Til jul er nedkortinga ferdig.
b) Byrje på nyredigering av <i>h</i> før sommaren.	Nyredigering kom i gang som planlagt.
c) Byrje på sitatkontroll av <i>h</i> -manuskript i mars.	Sitatkontrollen kom i gang som planlagt. Pr. 31.12.03 er 301 av 566 sider kontrollerte.
d) Ferdig med <i>h</i> -manuskripta til jul 2003.	Pr. 31.12.03 stod det att 45 sider nyredigering.
e) Byrje å redigere på <i>i</i> (og <i>j</i>) i april 2003.	Redigeringa av <i>i</i> og <i>j</i> kom i gang i mai.
f) Skrive halvparten av <i>i</i> - (og <i>j</i> -)manuskriptet hausten 2003.	Pr. 31.12.03 er det rapportert om 761.388 skrivne teikn i løpet av 2003 noko som tilsvarar 133 sider. Dette er nøyaktig halvparten av dei 266 sidene som <i>i</i> og <i>j</i> skal dekkje i band 5.
g)	Hovudredaktøren har hatt sistekontroll med manuskript frå gruppene, men i 2003 er det berre <i>h</i> -gruppa som har levert manuskript. Han har lese 180 sider.
h)	Vinteren 2003 vart det utarbeidd ein dimensjoneringsplan for <i>h</i> -manuskripta som tente som utgangspunkt for nedkortinga som gjekk føre seg resten av året. Ein meir allmenn dimensjoneringsmodell vart utarbeidd i august. Denne er no rettesnor for dei som nyredigerer manuskript.

5. Metaordboka

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Metaordboka (<i>i</i> -å) bør i all hovudsak vere ferdig kontrollert og normert til 17. mars.	Metaordboksarbeidet blei slutført 31. mars.
b) Grunnmanuskriptet skal også vere tilgjengeleg via Metaordboka til 17. mars.	Grunnmanuskriptet var på plass innan fristen, og dei ukopla oppslaga vart innarbeidd i

	løpet av forsommaren.
c) Til 1. april bør ein lemmaseleksjonsapplikasjon vere laga som genererer oppslagsord frå Metaordboka etter spesifiserte kriterium.	Dette målet gjekk vi bort frå, då vi såg at ein heilautomatisk lemmaseleksjon ikkje er ynskjeleg. I staden ynskjer vi at alle orda skal verte merkte etter prioritet. Dette skal vere ei rettesnor for manuelt ordutval. Førebels er denne merkinga ikkje gjord, sjølv om kriteria for merking er spesifiserte og vert etterlevde.
d)	Ein person, Solveig Rekdal, har byrja å normere Metaordboka frå <i>a</i> i alfabetet. Pr. 31.12.03 har ho normert <i>a</i> til og med <i>be</i> .

6. Målføresynopsisen

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Målføresynopsisen bør vere ferdig digitalisert til 1. juni.	Synopsisen var ferdig digitalisert til 1. juni.
b) Hausten 2003 bør vi ha utarbeidd ein introduksjon til synopsisen til nettversjonen.	Hausten 2003 vart det utarbeidd eit fyrsteutkast til introduksjon til synopsisen. Denne må omarbeidast for å vere tenleg for internettformatet.
c) Før jul 2003 skal NO 2014 og DOK ha utarbeidd ein plan for korleis den elektroniske versjonen av målføresynopsisen skal gjerast tilgjengeleg for nettbrukarar.	DOK og NO 2014 er samde om at vi i fyrste omgang vil leggje til rette for å bruke ein indeksert faksimileversjon av synopsisen over nettet.

7. Digitalisering av andre samlingar

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) 1,5 stilling skal nyttast for å leggje til rette tekster for tekstkorpuset.	Det er brukt 1,5 stilling på tagging for tekstkorpuset. Hausten 2003 har taggarane tagga ca. 3 mill. ord.
b) Vi skal byrje å merkje opp digitale ordsamlingar for å kunne kople slike samlingar til Metaordboka, og utarbeide ein standardkontrakt som gjer det mogleg å innhente elektroniske manuskript til lokale dialektordbøker	Vi har brukt 1,5 årsverk på arbeidet. Det er utforma ein standardkontrakt og eit innbydingsskriv til forfattarar av ordsamlingar
c)	I tillegg har vi laga eit oppdatert oversyn over nyare lokale ordsamlingar. Det er sendt ut innbyding og avtale til 45 forfattarar frå prioriterte område. 34 underskrivne avtaler ligg føre, og 19 elektroniske manuskript er komne inn. Det er utarbeidd ein taggemanual for arbeidet. 11 samlingar er normerte i 2003. 4 samlingar er under arbeid.

d)	Alf Hellevik utarbeidde i si tid eit ordboksmanuskript til bokstaven <i>j</i> på grunnlag av Grunnmanuskriptet. Manuskriptet digitaliserte vi våren 2003, og det har sidan vore i bruk av dei redaktørane som har redigert <i>j</i> i ordboka.
----	--

8. Utvikling av redigeringsprogram

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Redigeringsprogrammet bør vere funksjonelt, stabilt og robust, men ikkje fullt utbygd til 13. mars.	Ein testversjon var klar til 13. mars, men han var ikkje funksjonell og robust. Denne versjonen vart vidareutvikla og teken i bruk av dei nye redaktørane i april-juni 2003.
b) Utskriftsvising bør fungere i løpet av våren.	Utskriftsvisinga i ein fyrste versjon fungerte frå mars 2003.
c) Programmet skal gradvis ferdigstillast og utbyggjast i løpet av våren og hausten 2003.	<p>Dette arbeidet har gått føre seg heile året, men vi har ikkje nådd målet vi hadde sett for det.</p> <p>Ein grunn er at utviklinga av redigeringsprogrammet også i stor grad er eit arbeid for å definere og stramme inn redigeringskategoriane i Norsk Ordbok, og desse oppgåvene må drivast fram parallelt. Oppgåva er altså ikkje berre å lage eit program til eit ferdig definert ordboksformat. Dette poenget vart undervurdert ved oppstart av arbeidet.</p> <p>Ein annan grunn er at sjukdom på programmeringssida seinka framdrifta av programmet, og at ein ved skifte av systemutviklar i august 2003 måtte revidere programstrukturen. DOK la då andre arbeidsoppgåver til side og har prioritert arbeidet for NO 2014.</p> <p>Våren 2003 kom alle komponentar i tydingsbolken på plass, irekna underoppslagsbolken. Hakeparentesen stod att å spesifisere og å programmere. Mykje tid blei brukt til å rette småfeil. I juni vart det klart at programmet gjekk i stå ved større ordartiklar. Samstundes vart systemutviklaren langtidssjukemeld.</p> <p>Etter at ein ny systemutviklar vart sett på arbeidet, vart programmet sett saman på nytt. Ein ny versjon av programmet låg føre til uttesting i veke 49. Denne versjonen har sidan vore testa ut ved NO 2014, og oppretta ved DOK.</p>

	<p>I den nye versjonen er litteraturkjelder, målførekjelder og bruksmarkeringar lagde inn i formaliserte menyar.</p> <p>Kryssreferansesystemet er på plass, det er også hakeparentesen. Metaordboka er no integrert i programmet. Det står att ein del testing og oppretting før skjemaet for innhaldsartikkelen er fullt ut funksjonelt og robust, det gjeld kryssreferansesystemet, endringsmoglegheitene i trestrukturen og hakeparentesen.</p>
d) Kvar utbygging av programmet skal vere funksjonell og robust før ein tek ein ny funksjon i bruk.	<p>Denne modellen med stegvis ferdigstilling parallelt med bruk har ikkje vorte gjennomført. Heile hausten 2003 har vi såleis nytta versjonen frå juni 2003 til innskriving. Versjonen frå veke 49 vert no justert og oppretta fortløpande, men er enno ikkje teke i bruk av redaksjonen.</p>
e) Programmet skal nyttast til innskriving parallelt med vidareutvikling.	<p>Programmet har i førebels versjon vore nytta til innskriving parallelt med vidareutvikling sidan juni 2003.</p>
f) Til jul 2003 bør programmet vere heilt ferdig. Dvs. at ein skal kunne redigere alle delar av ordartikkelen og alle typar artiklar ved hjelp av programmet. Det inneber også at ein skal kunne gjere den semantiske analysen i programmet. Programmet skal vere ferdig dokumentert til jul 2003.	<p>Vi er minimum to månader for seint ute, truleg meir. Alle delar av ordartikkelen er på plass, men det står att ein del uttesting og oppretting. Utskriftsvisinga er delvis på plass (i alle fall pr. tyding), det står berre litt arbeid att ved årsskiftet. Den semantiske analysatoren er laga, men enno ikkje aktiv i programmet.</p> <p>Programmet er ikkje ferdig dokumentert, korkje med tekniske spesifikasjonar eller i form av redigeringsrettleiing i handboka.</p>

9. Utvikling av eit nynorsk tekstkorpus

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Korpusapplikasjonen skal vere ferdig til sommaren 2003.	Applikasjonen var ferdig før sommaren.
b) Han bør då fungere saman med redigeringsprogrammet.	Korpusapplikasjonen er enno ikkje knytt til redigeringsprogrammet.
c) Korpuset bør innehalde 30 millionar ord ved årsskiftet.	Korpuset inneheld 16,5 millionar ord pr. 31.12.03. Jf. elles punkt 7a og 9d.
d)	Det vart vedteke å utvikle ein eigen morfologisk taggar for korpuset, og dette arbeidet er kome godt i gang. Fyrste runde med tagging for ordklasse i eit treningskorpus på 30000 ord var på det næraste fullført ved årsskiftet. Dette arbeidet

	har seinka innlegginga av nye tekster i korpuset.
--	---

10. Blyanttilskriftene i Grunnmanuskriptet

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Å føre blyanttilskriftene i papirutgåva inn i den elektroniske versjonen av Grunnmanuskriptet. Målet var å ajourføre manuskriptet fram til <i>p</i> til 1. juli 2003.	Ajourføringa er komen til <i>l</i> . Vi valde å flytte personen som arbeidde med dette over på arbeid med Metaordboka, for førebels treng ikkje redaktørane meir enn dei ajourførte ordartiklane for <i>i</i> og <i>j</i> .

11. Redigeringshandbok

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Redigeringshandboka skal skrivast parallelt med dei ulike komponentane i redigeringsprogrammet. Handboka bør vere ferdig til 1. september 2003.	Handboka og programmet har vorte forseinka i parallell, dels fordi dei er gjensidig avhengige av kvarandre, dels av uavhengige grunnar. Handboka ligg no føre i eit utkast, men dette er ikkje skikkeleg gjennomarbeidd, og nokre emne manglar heilt. Handboka er heller ikkje oppdatert i høve til dei siste utviklingane av programmet. Ein førebels versjon er elektronisk tilgjengeleg og vert brukt av redaktørane.

12. Formidling og informasjon

Mål i årsplan 2003	Resultat
a) Vi ynskjer å ha ferdig ein eigen nettstad med ein interaktiv del til 1. mars.	Nettstaden blei ferdig til 1. mars. DOK leverte i samband med dette søkjegrensesnitta til basane.
b) Vi vil skipe til eit arrangement for å skape publisitet om band 4 og om prosjektet i det heile.	6. mars skipa vi til eit arrangement ved Universitetet i sentrum der statsråd Svarstad Haugland og rektor Underdal var til stades og talte.
c) Vi vil delta på den nordiske leksikografikonferansen i Volda og presentere prosjektet for fagfellar.	Vi deltok på leksikografikonferansen med fem ulike føredrag. Dessutan vart prosjektet også presentert i føredrag ved Daniel Ridings og Christian-Emil Ore.
d) Det Norske Samlaget skal lage ny brosjyre for ordboka.	Denne brosjyren låg føre til 6. mars.
e)	Fleire tilsette deltok på Møte om norsk språk 10 i Kristiansand. Vi arrangerte ein eigen workshop der fire av dei tilsette var representerte med føredrag.
f)	Vi har fått god pressedekning i år, og har i alle fall registrert 12 ulike oppslag.
g)	Prosjektet er elles presentert av

	medarbeidarane i ulike forum, jf. vedlagde publikasjonsliste.
h)	Prosjektet har teke imot direktør Dirk van Schalkwyk frå ordboksprosjektet WAT i Sør-Afrika, sju tilsette frå Svenska Akademiens ordbok i Lund, og invitert til gjesteførelesingar ved Bo Svensén frå Stockholm og Evalda Jakaitiene frå Vilnius.
i)	Redaksjonen har halde fram med å levere ordartiklar til <i>Dagens ord</i> , ei formidlingsside på heimesida til Ivar Aasen-tunet.

13. Kompetanseheving

Mål i årsplan 2003	Resultat
Halde pilotopplæring i programmet 17.-18. februar	Denne pilotopplæringa var gjennomført
Ei vekes kurs i redigering og programbruk 10.-14. mars	Opplæringsveka vart gjennomført.
Internseminar i juni	12.-13. juni vart det arrangert seminar.
Internseminar i oktober	8.-9.oktober vart det arrangert seminar i korpusbruk.
Internseminar i desember	8.-10. desember vart det arrangert seminar.
IT-kurs	8. desember skipa vi til eit totimars kurs i powerpoint på Kringsjø.
Redigeringsopplæring i gruppene	Det har vore drive intensiv opplæring i gruppene.
Direktøren vil møte leiarar av andre ordboksprosjekt til samtaler	Direktøren har møtt direktør Dirk van Schalkwyk frå WAT og sjefsredaktør Anki Mattisson frå SAOB til samtaler.

Vedlegg 2. Publikasjonar og føredrag i 2003

Ordbokspublisering

Almenningen, Olaf, Oddrun Grønvik, Arnbjørg Hageberg, Tor Erik Jenstad, Laurits Killingbergtrø, Magne Myhren, Lars Sigurdsson Vikør, Dagfinn Worren.
Norsk Ordbok: Det Norske Samlaget 2001. ISBN 82-521-5797-1. 160 s. Norsk Ordbok 4 ;
4

Individuell publisering

Almenningen, Olaf. Fornyng og nyvakning for målarbeidet (1960-69).
I: Almenningen, Olaf, Oddmund Løkensgard Hoel, Geir Martin Pilskog og Håvard Tangen. *Studentar i målstrid, Studentmållaget i Oslo 1900-2000*, kap. 5, s. 191- 222.
Utgjeven av Studentmållaget i Oslo i kommisjon hjå Det Norske Samlaget, Oslo 2003

Almenningen, Olaf. Frå kamp mot utviklinga til språkleg frigjering (1970-79).
I: Almenningen, Olaf, Oddmund Løkensgard Hoel, Geir Martin Pilskog og Håvard Tangen. *Studentar i målstrid, Studentmållaget i Oslo 1900-2000*, kap. 6, s. 223 - 253.
Utgjeven av Studentmållaget i Oslo i kommisjon hjå Det Norske Samlaget, Oslo 2003

Almenningen, Olaf. Noregs viktigaste ordbok [Melding av nyutgåva av Ivar Aasens "Norsk Ordbog" (1873)]. *Norsk Tidend* 2003(4).

Almenningen, Olaf. To ordsamlingar frå Voss med 60 års mellomrom I: Akselberg, Gunnstein, Anne Marit Bødal og Helge Sandøy (red.): *Nordisk dialektologi*. Novus. Oslo 2003

Bakken, Kristin. Leksikaliseringsmodellar og leksikografisk praksis [Føredrag].
Føredrag på MONS 10; 20.11.2003 - 22.11.2003

Bakken, Kristin. Norsk Ordbok 2003. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi*. 2003(9):7-13

Bakken, Kristin. Norsk Ordbok 2014 - rammer og utfordringar [Føredrag]. Føredrag på den 7. nordiske konferansen i leksikografi; 21.05.2003 - 24.05.2003

Bakken, Kristin. [Føredrag] Tale på lanseringsarrangementet for Norsk Ordbok, band 4, 6.mars 2003

Ellingsve, Eli. Brakan og andre braker. I: *Motskrift*. 2003(1):16–19

Ellingsve, Eli. Da danskekongens lange arm nådde støresbyggen. I: *Årsskrift for Støren Museumslag*. 2003. (Til trykking.)

Ellingsve, Eli. Om Stokksund og navn på andre beinveger. I: *Årbok for Fosen*. 2003:121-124

Ellingsve, Eli. Ord i Nord [10 korte artikler om nordnorske ord] I: *Nordnorsk Magasin*.

2003(5/6):42-43

Ellingsve, Eli. Ord i Nord [10 korte artikler om nordnorske ord] I: *Nordnorsk Magasin*. 2003(7/8)

Ellingsve, Eli. Vognill og Vagnilla. I: *Motskrift*. 2003(2):5-8

Grønvik, Oddrun. Korleis avgrense fleirordige uttrykk som semantiske einingar [Føredrag]. 10. Møte om norsk språk (MONS 10); 20.11.2003 - 22.11.2003

Grønvik, Oddrun og Christian-Emil Smith Ore. Metaordboka på nettet - eit moderne og allment tilgjengeleg forskingsverktøy for dei nynorske språksamlingane [Føredrag]. Språkleg instituttseminar INL haustsemesteret 2003 ; 14.11.2003 - 14.11.2003

Grønvik, Oddrun. Reaching for the moon? Parent group priorities concerning rare disorders [Føredrag]. 15th Annual Meeting of European Academy of Childhood disability (EACD): From Research til Clinical Practice; 02.10.2003 - 04.10.2003

Grønvik, Oddrun. Redigeringsprogrammet for Norsk Ordbok 2014 - i skjæringspunktet mellom skjønn og automatisering [Føredrag]. den 7. nordiske konferansen i leksikografi; 21.05.2003 ; 20.05.2003 - 23.05.2003

Harildstad, Gudmund og Johannes Gjerdåker. *Ivar Aasen: Norske ordtak*. 4. utg. Vigmostad & Bjørke. Voss og Oslo 2003.

Jenstad, Tor Erik. Bekkeblom (soleihov). *Trøndersk natur* 2003(1):27-28

Jenstad, Tor Erik. Det e itjnå å stå ætti, sa mann' han datt på hølkan. *Jul i Trøndelag* 2003:22-23

Jenstad, Tor Erik. Føring av målføreformer i hakeparentesen [Føredrag]. Førljulsseminar Norsk Ordbok 2014 2003

Jenstad, Tor Erik. "Ja, hurra da!" Ei helsing som held på og kjem bort. *Du mitt Nordmøre* 2003:37-40

Jenstad, Tor Erik. Kure bones. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2003:32-33

Jenstad, Tor Erik. Norge rundt med ord. Ål: Boksmia forlag 2003. ISBN 82-91871-15-9. 239 s.

Jenstad, Tor Erik. Norsk Ordbok som dialektordbok [Føredrag]. Føredrag ved den 7. nordiske konferansen i leksikografi; 21.05.2003 - 24.05.2003

Jenstad, Tor Erik. Om pronomenet "i". Språkteigen [Radio] 19.10.2003

Jenstad, Tor Erik. Trøndersk i ordgeografisk perspektiv [Føredrag]. Trøndersk dialekthistorie 2003

- Karlsen, Knut E.** No kjem NO for fullt!. *Norsklæreren* 2003(5):9-13
- Karlsen, Knut E.** [Melding av] Nordiske studier i leksikografi 6. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2003;9:74-79
- Myhren, Magne.** Då landsmålet vart skriftmål – eit 150-årsminne. I: *Målmannen. Blad for norsk målreising*, 2003(4):13
- Myhren, Magne.** Ivar Aasen på leit etter rettskriving. I: *Målmannen. Blad for norsk målreising*, 2003(3):5-7
- Myhren, Magne.** Ordtøke og Ivar Aasen. [Melding av *Ivar Aasen: Norske ordtak*. 4. utgåve ved Johannes Gjerdåker og Gudmund Harildstad.] *Dag og tid* 27.09.03.
- Myhren, Magne.** 39 norrøne fornkvæde og brot or Snorre-Edda. I: *Målmannen. Blad for norsk målreising*, 2003(1):10-11
- Nilsen-Nygaard, Astrid.** *Idet*-konstruksjoner i moderne norsk [Føredrag]. Føredrag på MONS 10; 20.11.2003 - 22.11.2003
- Runde, Ålov og Kristian Emil Kristoffersen.** Preposisjonen "til" mellom lingvistisk teori og leksikografisk praksis [Føredrag]. Føredrag på MONS 10; 20.11.2003 - 22.11.2003
- Runde, Ålov, Terje Svardal og Oddmund Vestenfor.** Metaordboka som reiskap for lemmaseleksjon og ordboksproporsjonering [Føredrag]. Konferanse om leksikografi i Norden; 20.05.2003 - 24.05.2003
- Svardal, Terje.** Norsk Ordbok - om normeringa av Metaordboka. I: *Nordiske studier i leksikografi 6*. Tórshavn: Nordisk forening for leksikografi 2003. ISBN 99918-3-135-5. s. 351-357
- Vestenfor, Oddmund.** Gode norske ord til landsmålet J. Bondevik, O. Nes og T. Aarset (red.): Målsamlingar 1862-1883 av Ivar Aasen. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, serie A tekster, nr. 8. Norsk Bokreidingslag 2002. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2003;9:102-107
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Arne Garborgs språksyn og målarbeid: Aktuelt i dag? I: Randi Arnestad o.a. (red.): *"Folkemaale samlar folke" - om språk og samfunn - og somt anna*. Utg. av Organisasjonen Garborgdagane, Tynset 2003. Ikkje noko ISBN-nummer. s. 15-24
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Ethnonyms in Norwegian - Between Neutrality and Abusiveness. I: *'n Man wat beur. Huldigingsbundel vir Dirk van Schalkwyk*. Stellenbosch: Buro van die WAT 2003. ISBN 0-9584401-4-X. s. 356-367
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Georg Sauerwein and the Norwegian Language Movement. I: *III. Internationales Sauerwein-Symposion in Dovre 9.-12. August 2000*. Dovre: Dovre kommune 2003. ISBN 82-994046-2-2. s. 40-52
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Haldningar til anglisismar i Noreg og Norden [Føredrag]. Møte

om norsk språk 10; 20.11.2003 - 22.11.2003

Vikør, Lars Sigurdsson; Torp, Arne. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 3. utgåve. Oslo: Gyldendal Akademisk 2003. ISBN 82-05-31592-2. 336 s.

Vikør, Lars Sigurdsson. How Will the Country Be Ruled?. I: *East Timor. Nationbuilding in the 21st century*. Stockholm: Institut för Asienstudier, Stockholms Universitet 2003. ISBN 91-973604-2-2. s. 1-10

Vikør, Lars Sigurdsson. Nordiske språkhaldningar. Presentasjon av ei meiningsmåling. I: *Med "bil" i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utalandske ord*. Oslo: Novus forlag 2003. ISBN 82-7099-380-8. s. 42-51

Vikør, Lars Sigurdsson. Norsk Ordbok ved ein krossveg. Rapport frå eit omstillingsprosjekt. I: *Nordiske studier i leksikografi 6*. Tórshavn: Nordisk forening for leksikografi 2003. ISBN 99918-3-135-5. s. 391-396

Vikør, Lars Sigurdsson. Språk og verd i Norsk Ordbok [Føredrag]. Den sjuande konferansen om leksikografi i Norden; 20.05.2003 - 23.05.2003

Vikør, Lars Sigurdsson. Språksituasjonen på Aust-Timor. I: *Internasjonalt studiehefte*. Oslo: Norsk Målungdom 2003. ISBN 82-90469-04-7. s. 15-22

Vikør, Lars Sigurdsson. Standardisering og variasjon i nynorsk, jamført med færøysk og islandsk. I: *Útnordur. West Nordic Standardisation and Variation*. Reykjavík: University of Iceland Press 2003. ISBN 9979-54-546-1. s. 67-79

Vikør, Lars Sigurdsson. Statleg og privat normering i nynorsk. I: *Krefter og motkrefter i språknormeringa*: Høyskoleforlaget, Kristiansand 2003. ISBN 82-7634-558-1. s. 295-305

Vikør, Lars Sigurdsson. Å definere fargar. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi*. 2003;9:25-33

Worren, Dagfinn. Fleire sunnmørske ordsamlingar. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi*. 2003;85-94

Worren, Dagfinn. I Ivar Aasens ungdomsrike [Føredrag]. 7. nordiske konferanse i leksikografi; 20.05.2003 - 24.05.2003

Worren, Dagfinn. Irsk i hovudet. *Dag og tid* 2003(36)

Worren, Dagfinn (red.) Ivar Aasen-almanakken 2004: *Dag og Tid* 2003. ISBN 8290654197. 128 s.

Nokre av presseoppslaga i 2003:

Om lanseringsarrangementet 6. mars:

- Adresseavisa 06.03.
- Uniforum 06.03.
- Dagbladet 07.03.
- Klassekampen 07.03.
- Universitas 12.03.
- Dag og Tid 15.03.
- Nationen 21.03.
- Dagen 24.03.
- Dagsavisen 02.04.
- Norsk Tidend nr 2/2003

Om budsjettsituasjonen:

- Uniforum
- Aftenposten
- Hallingdølen

Annan fagleg aktivitet:

Bakken, Kristin

- Intervjua av Johanne Landsverk for Nynorsk pressekontor 4. mars 2003
- Delteke på workshop om intern kommunikasjon i regi av Det historisk-filosofiske fakultet 2. juni 2003

Ellingsve, Eli

- Presentasjon av Norsk Ordbok på eit instituttseminar ved NTNU/INL. Oktober 2003
- Fast deltakar i Språkteigen, NRK P2, annakvar veke, 1. halvår 2003
- Rettleiing av to hovudfagsstudentar fram til eksamen desember 2003, med oppgåvene:
 1. Engelsk som akademisk språk i Norge. En domenetapsstudie. ((Ragnhild Ljosland)
 2. "Ja, der har vi ikke noe valg, det er jo ikke noe alternativ". En kasusstudie av en norsk bedrift med engelsk som konsernspråk. (Anne Kringstad Grønvik)

Jenstad, Tor Erik

- 28.1. Politi og språk. Kåseri i Politiets pensjonistforening, Trondheim.
- 30.1. Foredrag m m på dialektkveld i Rørvik (Vikna).

- 22.2. Dialektkåseri årsmøte Orkdal historielag, Fannrem
- 22.3. Dialektmagasin Ørlandet (Røstad ungdomshus, Opphaug)
- 29.3. Dialektmagasin Melhus
- 9.5. Dialektkveld Geitastranda
- 12.5. Dialektkveld Hovin
- 14.6. Ord og uttrykk frå Hitra og elles i Trøndelag. Kåseri pluss lokalt dialektmagasin, Kystmuseet, Fillan.
- 20.6. Bergjesnydd og grøvel. Terrengord i sunndalsdialekten. Kåseri på Sunndal Nasjonalparksenter, Gjøra.
- 18.8. Kulturinnslag (m a kåseri om kulturlandskap og språk) ved opninga av konferansen "Kulturlandskap – politikk og forvaltning" (arr. Fylkesmannen i Møre og Romsdal), Geiranger.
- 3.9. Dialektkveld Skårvold gård, Støren
- 18.9. Dialektkveld Rørosforeningen, Trondheim.
- 24.9. Dialektkveld Austafjord, Vikna.
- 20.10. Sterke uttrykk. Kåseri på Trøndelag Folkemuseum, i serien "Kort og godt".

- 22.10. Medverkande på instituttseminar INL, NTNU. Presentasjon av Norsk ordbok 2014.
- 17.11. Kåseri om trønderdialekt på møte i "Ung i dag – gammel i morgen", Prinsen Hotell, Trondheim.

- Dialektmagasinet, NRK Trøndelag (kvar onsdag gjennom heile året).
Språkspalte i Aura Avis, Sunndalsøra (kvar laurdag gjennom heile året)
- Griseprat i tusen år, intervju i Gemini 2/2003 (saman med Karin Seim).
- Språkvask på Ingar Kaldal: Historisk forskning, forståing og forteljing (Samlaget)
- Konsulenthjelp på "Som sagt V" (ordsamling frå Orkdal).

Vikør, Lars Sigurdsson

- Nettverksmedlem i prosjektet "Moderne importord i Norden"
- Hatt gjesteførelingar i leksikografi på Høgskolen i Agder, Kristiansand 18.3. og 1.4.
- Omsett "Evolusjonsteorien og ost" av Bas Haring (frå nederlandsk, Samlaget)
- Hatt føredraget "Language Planning and Norm Concepts in Norway compared to Sweden and Denmark" på Islandsk språkråds konferanse om språkplanlegging og standardisering, Reykjavík 4.10
- Redaksjonsmedlem "Ord om ord"
- sensor i språk til nordisk mellomfag ved Høgskolen i Agder (vårsemesteret)

- sensor i indonesisk ved Københavns Universitet (20.6.)
- sensor i emnet globalisering, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen (18.12.)
- medlem av tilsetjingskomité for redaktørstilling i Norsk Ordbok
- rettleiar for doktorgradskandidat (Ellen Skolseg)